



Frå venstre ernærings terapeut Svanhild Snipstad, fylkesleiar i Nord-Trøndelag Frp Einar Almaas, Sigrun Kirkeberg NNH, akupunktør MNNH Mette Henning, John Petter Lindeland NNH og stortingsrepresentant Vigdis Giltun.

NNH skolerer Framstegspartiet

I samband med programarbeidet for Framstegspartiet (FRP), ynskja fylkeslaget i Nord-Trøndelag å orientera seg om feltet naturmedisin/alternativ behandling.

■ Primus motor for møtet har vore Elin Grindberg og fylkesleiar Einar Almaas. Møtet vart halden i Steinkjer, og fyrste talar var **stortingsrepresentant Vigdis Giltun**. Ho sit for tida i Arbeids- og sosialkomiteen for Framstegspartiet, men har også tidlegare vore medlem av Helse- og omsorgskomiteen. Giltun peika i sitt innleiingsforedrag på utfordringar som helsevesenet står overfor: høgare levealder og ei auka forventning om adekvat behandling skapar eit press som kan bli vanskeleg å innfri på lang sikt. Det må i sterkare grad satsast på førebyggjande tiltak som reduserer behovet for behandling. Ho såg ikkje bort i frå at naturmedisin/alternativ behandling kan få ein plass i ein slik strategi, men dokumentert effekt må føreliggja om politikarane skal kunna vurdere bruken og omfanget.

Akupunktør MNNH Mette Henning gav ei innføring i sitt fag ved å ta utgangspunkt i fem-elementlova og meridiansystemet. Ho kom med døme på korleis denne forklaringsmodellen fungerer i praksis og faremoment dersom dette blir brukt av terapeutar som har lite eller mangelfull kunnskap. Deltakarane fekk eit godt innblikk i at akupunktur er eit fag som krev kompetanse om ein skal utnytte det terapeutiske potensialet. Vidare peika ho på etiske element i ein kvar terapeutisk situasjon: vis folkevett, opplys pasienten om behandlingssopplegget og send dei vidare til lege eller anna behandling som ligg utanfor din eigen fag/juridiske kompetanse.

Ernærings terapeut Svanhild Snipstad sitt foredrag hadde tittelen Hvor viktig er maten? Ho gav eit historisk oversyn når det gjaldt

kosthaldsutviklinga fram til det som er rådande i dag. Vår bruk av større mengder karbohydrat og ufordelaktige feittypar, kombinert med auka bruk av matsminke og andre tilsetningsstoff, har endra vårt næringsinntak ganske radikalt. Dette har resultert i ein relativ stor auke i livsstilsjukdomar, som ho meinte kunne vore unngått dersom me hadde teke omsyn til dei ernæringsmessige føresetnadane som ligg nedfelt i vårt genmateriale.

Ho kom med fleire døme på fornuftige kosthaldsplanar, med ei klar oppmoding om at kvar einskild må prøva ut kva som passar ein best. Ernærings er individuelt, men variasjon gjennom året og vektlegging av gode rådvarer er noko alle bør prioritera.

Generalsekretær i NNH Sigrun Kirkeberg gav ein presentasjon av Norske Naturterapeuters Hovedor-

” Det må i sterkare grad satsast på førebyggjande tiltak som reduserer behovet for behandling.

ganasjon og historia bak samlinga av mange ulike forbund i ein sentral hovudorganisasjon. Ho gav også eit innblikk i det kvalitetssikringsarbeidet som NNH har vore ein forkjempar for i mange år, og som gjer at organisasjonen har legitimitet både blant publikum, politisk nivå og forvaltning.

Leiar i NNH John Petter Lindeland tok for seg politikktutviklinga frå Aarbakkeutvalet sin NOU-rapport, innføringa av ny lov om alternativ behandling gjennom Ot.pr. nr.

27 til nå-status, med spesiell vekt på det arbeidet som Saborg og medlemsorganisasjonane gjer når det gjeld profesjonalisering og kvalitetsutvikling av bransjen.

Prioriterte handlingsmål som endring av registerforskriftene med innføring av offentlege fagkrav og finansiering av eit felles klageorgan for bransjen blei nemnt. Vidare blei det gjeve innblikk i «det alternativmedisinske landskapet» gjennom presentasjon av ulike aktørar som er relevante i ein slik samanheng.

NNH sin visjon om eit «fleirhelsevesen» der ulike former for integrering er vurdert og der sidestilte profesjonar med kunnskap og respekt for kvarandre er sentrale element, blei presentert samstundes med ei oppmoding til politikarane om å sjå verdien av naturmedisin og alternativ behandling som ein nødvendig og fruktbar motkultur til etablert medisin.

Samfunnet og medisinen treng uavhengige aktørar som i fridom kan utvikla terapi eller vera kritiske til etablerte ordningar. Det er politikarane si oppgåve å laga gode rammevilkår for slike engasjement.

I oppsummeringa takka storingsrepresentant Vigdis Giltun for informative innspel som ho ville ta med seg vidare i sitt politiske arbeid.

Alle har eit ansvar for eiga helse, og ein kan i framtida ikkje forventa at alle førebyggjande tiltak skal få plass i dei offentleg helsebudsjetta. Likevel har det offentlege eit stort ansvar når det gjeld kunnskapsbasert helseinformasjon, noko som er svært viktig i ein førebyggjande kontekst.

Helsekronene må utnyttast effektivt og prioriterast dei som verkeleg treng det mest.

john.petter@notteroyaturmedisinske.no

Melding til alle terapeutar

Bruk registeret for eksepsjonelle sjukdomsforløp (RESF)!

Eg viser i denne samanhengen til artikkel i Naturterapeuten nr. 1/2011 – NAFKAM endrer inntakskravene for Registeret for eksepsjonelle sjukdomsforløp.

Hovudbodskaperen i denne artikkelen er at registeret nå er åpent for historiar frå pasientar som har opplevd eit eksepsjonelt sjukdomsforløp, sjølv om det ikkje er snakk om kronisk eller alvorleg sjukdom – og sjølv om det ikkje har vore ein medisinsk dokumentert diagnose. I tillegg er registeret utvidet til også å omfatta sjukdomsforløp knytta til psykisk sjukdom, som tildømes depresjon eller fobier.

I praksis vil dette seia at me som terapeutar kan oppmoda våre pasientar til å registrera sine historiar uavhengig av diagnose frå lege og uavhengig av sjukdomskarakter.

Dette gjeld sjølvsagt både positive og negative forløp. NNH har difor på www.nnh.no laga eigen menyknapp til RESF på høgre vertikale menyfelt for å gjera det lettare for brukarar å nytta denne tenesta.

Dokumentasjon og innsamling av data er svært viktig med omsyn til både fagleg utvikling, pasienttryggleik og samfunnet sitt krav til kunnskapsbasert behandlingsval når det gjeld våre tenester. Om det til dømes kjem inn fleire pasientkasus som omhandlar liknande sjukdomsuttrykk (cystitt, sinusitt, allergi, endometriose osv.) ved bruk av same terapiform eller kombinasjonsterapi, kan dette danna grunnlag for pilotforsøk og vidare studiar. Det er pr 30.09.2012 registrert 365 sjukdomsforløp: 295 frå Norge, 63 frå Danmark og 7 frå Sverige. Dei største sjukdomsgrup-

pene er kronisk utmattingssyndrom/myalgisk encefalopati (CFS/ME, 79), multippel sklerose (MS, 75), kreft (60) og astma/allergi (20). Tjueein sjukdomsforløp er registrert som uvanlig dårlege sjukdomsforløp, resten er uvanlig gode sjukdomsforløp.

Slike tal er berre ein brøkdel av det som burde vore innmeldt og variasjonen av sjukdomsuttrykk er liten i forhold til vår terapeutiske kvardag. Difor: ver aktiv med å oppmoda pasientar til å senda inn si historie!

Dokumentasjon og innsamling av data er svært viktig med omsyn til både fagleg utvikling, pasienttryggleik og samfunnet sitt krav til kunnskapsbasert behandlingsval når det gjeld våre tenester.

*John Petter Lindeland
Leiar NNH*


GRATIS refleksologihefte

Refleksolog Arve Fahlvik har utarbeida eit hefte som han har kalla Refleksologi til hjemmebruk. Han skriv i forordet: «Dette heftet, sammmen med kyndig veiledning, er ment som en introduksjon til terapiformen refleksologi. Enkle, men effektive teknikker som er lette å utføre hjemme er forsøkt illustrert. Disse kan du bruke til å hjelpe deg selv og dine nærmeste med enkle terapeutiske oppgaver. For å få best mulig utbytte av heftet, bør det gjennomgås sammmen med en refleksolog som har minst et par års erfaring.»

Hefte tar for seg ulike plager relatert til mage/fordøyelse, øyre, hovud, hals, ledd, rygg, bekken og generell stimulering av immunsystemet.

Og som forfatteren også skriv: «Man trenger ikke ha en sykdom eller skade for å ha utbytte av behandlingen. Alle har mer enn nok av spenninger som med fordel kan arbeides bort, uten at de er knyttet til noen alvorlige plager.»

Hefte kan lastast gratis ned frå nettet <http://fahlvik.latestdot.nu/> - Artikler – Refleksologi til hjemmebruk.



OBS OBS OBS

Forskningshåndboken er en praktisk veileder i hvordan du kommer deg fra idé til publisering i et forskningsprosjekt. Håndbokens femte utgave er nå tilgjengelig på nett. <http://www.helsebiblioteket.no/for-forskere/forskningshandboken-er-oppdateret>



Frå venstre stortingsrepresentant Sonja Mandt, John Petter Lindeland [Saborg] og PerGunnar Swahn [Saborg].

Møte med Arbeidarpartiet

Møte med stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet, Sonja Mandt, fann stad på partikontoret i Tønsberg 19. november. Agendaen var den same som for dei andre partia Saborg har vore i kontakt med:

1. Endring av forskrifter for registeret for alternative behandlarar.
2. Finansiering av eit felles klageorgan for bransjen.
3. Partiprogram og alternativ medisiner.

Representantane for Saborg, Per Gunnar Swahn og John Petter Lindeland, blei møtt av ein lyttande og interessert Sonja Mandt. Ho sit for tida i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget, og har interesse av å bli

orientert om dette feltet. Etter orienteringa uttrykka ho bekymring for at utviklinga når det gjeld registeret for alternativ behandling, er med på å gje bransjen mindre legitimitet ved at skilje mellom dei seriøse og useriøse er utvatna. Mandt meinte at den nye stortingsmeldinga som omhandlar pasienttryggleik, ville vera ein naturleg arena for innspel i denne samanhengen, samstundes med at ho ville ta innspela våre med i komitéarbeidet.

SABORG vil senda innspel til programkomiteen i Arbeidarpartiet med forankring i prioriterte handlingsmål.

*john.petter@
notteroynaturmedisinske.no*